

## 12. Soknerådsmøte 2017 21.november – Referat

Mat: Sigbjørn

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar måned ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

ADU – AdministrasjonsUtvalget for fellesrådet- består av kyrkjeverge, to frå fellesråd og to tillitsvalte

Sokneråd FOK	Til stades:	Merknader / Vararepresentant:	Ansvarsområde
Jon Lende	x	Leiar av soknerådet	Representant til fellesrådet
Helen Hetland Mori	X	Nestleiar soknerådet	
Karl Inge Lygre	x		Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet
Torill Brådland	x		Oppfølging av barnearbeidet
Bjørg Mikalsen	X		Oppfølging av ungdomsarbeidet. Representant til fellesrådet
Bjørg Nese	X		1.vara til fellesrådet
Sigbjørn Sørland	X	1. vara møter fast	Representant til Livspust – diakonigruppa.
<b>Stab FOK</b>			
Morgan Fjelde	X	Sokneprest	

Ingunn Matre	X	Dagleg leiar	
--------------	---	--------------	--

	Delerunde og bønner
Sak : 56-17	Godkjenning av innkalling . Ny sak om rekkefølge i gudstenesta.
Sak : 57 -17	<p>Godkjenning av referat frå møte 17.oktober. Godkjent med ei lita tilføyning.</p> <p><b>Orienteringssaker :</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Orientering frå stab. Alle på plass og god stemning i staben. Vi har starta detaljplanlegging av arrangementa i desember, julegudstenestar, samlingar med begge skular, Lysvåken, og 5 konserter. Ny Webside er under arbeid, første utkast er arbeida fram. Nå gjenstår nokre justeringar på denne, og opplæring i korleis den vert teken i bruk.</li> <li>2. Eventuell oppfølging av AU-saker.</li> <li>3. Givartenesta for oktober. 132.635. Ta med erfaringar frå dette året inn i arbeid med neste års budsjett.</li> <li>4. Orientering til sak om rekkefølge i gudstenesta. Diskutert i stabsmøte 24.oktober. Meiningane er svært delte i stab, og vi trur det vil dei være om vi spør vidare ut også. For å komme vidare valde stab likevel å stå saman om å gå tilbake til tidligare ordning frå nyttår og ser i mellomtida på kva mogelegheiter vi har for å gjera den 1. halvtimen betre for borna og samstundes ein god inngang for alle rundt dåp og nattverd.</li> </ol>
Sak 58 -17	<p><b>Oppsummering og kva tek vi vidare frå årets GLS</b></p> <p>Ber alle i soknerådet tenke gjennom 1-2 ting som gjorde inntrykk og som det kan være mest verknadsfullt at vi arbeidar saman om vidare.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• «Kva er målet ditt denne veka og korleis kan eg hjelpa deg» - godt spørsmål for ein leiar å stilla til dei ein arbeidar saman med</li> <li>• Væra vind i nokon sine segl – heia på folk</li> </ul> <p>Andy Stanley :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjenkjenn dei unikt betre ideane – Være i læremodus og nysgjerrig</li> <li>• Ta med dei unge, balanser nye tankar med erfaring</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå etter leiartalent , Planta eit leiarskapsfrø tidleg</li> </ul> <p>Andy Stanley :</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Viss vi skulle starte heilt på nytt -kva ville vi gjort.</li> <li>• Finna forteljingar som skaper kulturen vi vil ha</li> </ul> <p><b>Vedtak :</b></p> <p>Set av tysdag 2.januar 19.00 til filmkveld for å sjå Andy Stanley sin tale – «Eineståande betre» om igjen.</p>
Sak 59-17	<p><b>Datoar for soknerådsmøte 2018</b></p> <p>Årshjul for 2018 er vedlagt med datoar for SR-møter i raudt.</p> <p>Årsmøte 11. mars</p> <p>Det er mogeleg å ha menighetsfest 17. mars sjølv om det er opplegg i kyrkja med Soulchildren tidlegare på dagen.</p> <p><b>Vedtak :</b></p> <p>Soknerådet har svært lyst å leggja opp til ein fest som ungdommane også eig og kjenner dei har lyst å være med på. Ingunn tek opp med Elisa om FOKUS-teamet ynskjer å være program-komite og stab og sokneråd bidreg med praktisk hjelp og anna som trengs. Dato avventer til vi har kommunisert med dei.</p> <p>Soknerådet ser gjennom datoar for SR-møter i årshjulet og dei som ynskjer å ha SR -møte heime hos seg vel ut datoar til neste møte</p>
Sak 60-17	<p><b>Leiarsamling på Holmavatn 19.-20. januar 2018</b></p> <p>Fredag kveld</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• God tid til godt måltid</li> <li>• Program ca 20-22 - fokus på fellesskap med Gud og kvarandre</li> </ul> <p>Lørdag før lunsj</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeid med 1-års mål. NAMU -undersøkelsen må være såpass prosessert i AU / SR før vi kjem dit at vi har mogelegheit til å justere mål med funna derfra</li> </ul> <p>Lørdag etter lunsj</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Inspirasjon i det å nå ut til menneskene i bygda vår med Jesus. Fokus på kva det verkeleg betyr det arbeidet vi står i. Løfte opp det store bildet og inspirere. Martin Cave blir med.</li> </ul> <p>Vedlagt er lista over inviterte frå i fjor. Ber soknerådet om kommentarer / innspel til programmet og om det er nokon som manglar på invitasjonslista</p> <p><b>Vedtak :</b></p>

	<p>Forslag til program er vedtatt. Ingunn sender ut mail med reservasjon av dato til leiarar som inviterte snarast</p>
<p>Sak 61-17</p>	<p><b>Ledige ulønna frivillige tenestar</b></p> <p>Oppfølging frå sist møte. Innspel frå soknerådet til aktuelle frivillige å spørja til dei tre områda som vart prioriterte sist. Mat og kjøkkenteam, forbønn på FOKUS og leiar for Godhetskomiteen.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kiosk ansvarlig</li> <li>2. Mat ansvarlig Fokus</li> <li>3. Mat ansvarlig andre arrangement</li> <li>4. Pynte team GT</li> <li>5. Kjøkken-ansvarlig – halde storkjøkkenet reint og ryddig.</li> <li>6. Skaffe folk til TV innsamlinga</li> <li>7. Vaksne til forbønns team til Fokus- kveldane .</li> <li>8. Leiar til Godhetsaksjonen</li> <li>9. Utdelarar av blomar til jubilarar ( koordinert av diakon i Klepp/ Time )</li> <li>10. PUST –redaksjon. Årspust og høstpust. Kven kan være med</li> </ol> <p>Mat og kjøkkenteam veldig etterlengta. Finna nokon som kan ta ansvar for å halda storkjøkkenet reint og rydding. Mogeleg med eige mat-team til store anledningar. Treng forslag til aktuelle frivillige som kan synast dette er givande. Gode namn kom opp i møtet. Ingunn fylgjer opp, evt får andre med til å hjelpa å spørja dei enkelte.</p> <p>Vaksne som kan ha forbønn på FOKUS er viktig. Ungdomspastor har fått innspel på 3-4 stk som kan være med og ein kan setja dei saman med unge slik at det blir ein god trening for dei også. Men det trengs gjerne fleire. Oppsummering i soknerådet at nå har mellom 5-10 stk meldt seg frivillig til dette. Det er veldig bra !</p> <p>Godhetsaksjonen - er ein god komite allereide på plass. Med erfaringane frå dei to forrige åra tenker dei at det kan være mogeleg med ein ganske « flat» struktur i komiteen slik at planleggingsarbeidet vert godt fordelt.</p> <p>Det vart også gjort litt idedugnad på navn til utdeling av blomar til jubilarer (80, 90 og 100 år ) på Orstad.</p>
<p>Sak 62-17</p>	<p><b>Forebuing til møtet med prosten i desember</b></p> <p>Prosten er med på neste møte som oppfølging på dei utfordringane vi fekk tilbakemelding om etter fjorårets bispevisitas</p> <p>Lenke til dokumentet her :</p>

	<p><a href="http://www.fok.no/bispevisitas-2016.html">http://www.fok.no/bispevisitas-2016.html</a></p> <p>Dette dokumentet vart gjennomgått rett etter visitasen</p> <p>Går gjennom dokumentet i soknerådet med særlig fokus på kva som blir ivaretatt av kontinuerlig arbeid. Er det spesielle aksjoner vi vil vektlegga innanfor kvart punkt ?</p> <p>Ta godt vare på staben</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medarbeidarsamtalar</li> <li>• oppfølging med kvar enkelt undervegs heller enn tema på stabsmøtet</li> <li>• God oversikt med timeføring og arbeidsmengde for kvar enkelt</li> <li>• Ta med til medarbeidarsamtalene eit spørsmål om kva arbeidsoppgåver ein kunne sortert ut som frivillige oppgåver ( ca 20 % ). Dette fordi stab ofte vert endestasjon for oppgåver som kjem til etter kvart.</li> </ul> <p>Skule kyrkje samarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• God dialog – god erfaring med samarbeid om skuleborn som frivillig deltek med song / tekstlesing på dåpsgudstenestane.</li> <li>• Felles innsatspunkter f.eks aksjonar mot mobbing</li> </ul> <p>Kontakt med næringsliv</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mogeleg å delta på frukostsamlingar</li> </ul> <p>Strategiarbeid og visjonsarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Morgan har sett seg litt inn i dei verktøya som er anbefalte, men vi vil argumentera for at vi har eit godt kontinuerlig arbeid med NAMU og målarbeid som vi ynskjer å fortsetja med.</li> </ul> <p>Gudstjeneste –</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har ikkje arbeida med oppfølgingspunkta.</li> </ul> <p>Ungdomsarbeid – bruer mot gudstenestar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dette er ei kjend utfordring, og noko vi må arbeida vidare med.</li> <li>• Det er ei kostnad ved alle endringar, og endrar vi noko for å tilpassa til ei gruppe må vi være bevisste på at det kan gå ut over ei anna gruppe.</li> </ul>
Sak 63-17	<b>Sak om rekkefølge i gudstenesta.</b>

	<p>Som ei prøveordning har vi sidan årskiftet 2016/2017 ( vedteke i sak 73-16, møte 2016.11.15) hatt det slik at jungelsamlinga for borna startar samstundes med gudstenesta og ein har ein felles avslutning med dåp eller nattverd.</p> <p>Soknerådet såg at saka var diskutert i stab, men ynskja også å bruka tid på å samle inn synspunkter frå soknerådet pga meiningane om dette såg ut til å være delte.</p> <p>Nokre innspel frå soknerådet – til ein stor grad overlappande med det som var diskutert i stab:</p> <p>Argument mot å behalda prøveordninga:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Samlinga nede kjem seinare i gang enn oppe fordi ein må vente til alle born er registrerte inn</li><li>• Blir eit tidspress nede for å bli ferdige til 11.20. Nokre leiarar synes dette er meir stressande enn andre, og har sett klart ord på det.</li><li>• Borna må avbrytast i leik for å gå opp, dette vert stort sett oppfatta negativt av borna</li><li>• Blir også tidspress oppe, ein positiv effekt av dette er at gudstenesta samla sett har ei kortare tidsrame. Men det er også ei side som kan opplevast negativ i og med at det vert mindre rom for det spontane og enkelte ledd av og til må kuttast for å være ferdig til 11.20</li><li>• Nokre synes det er godt å starta samla, det blir ikkje så spredt med folk i den store salen</li><li>• Kan være ein negativ erfaring for borna å komma inn i noko som allereide er i gang.</li></ul> <p>Argument for å behalda prøveordninga:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det vert ein rolegare start, og nokre set ord på at det er lettare å være konsentrert inn mot lovsong og tale då</li><li>• For Morgan som leiar gudstenesta er erfaringa god med at starten er litt rolegare og ein god inngang mot talen</li><li>• Lovsangsteama har også ei god erfaring av den rekkefølga vi har prøvd ut nå.</li><li>• Kan være ein god ting for borna og leiarane at borna er kjem rett på si eiga samling. Slepp å venta på den oppe først.</li></ul> <p><b>Vedtak:</b> Ved avstemming i soknerådet var stemmene svært jevne for og imot, men eit lite fleirtal for å gå bort frå prøveordninga.</p> <p>Det vart også stemt over kva tid ein skulle gå tilbake. Alternativa var ved nyttår eller utsetja det for å få litt betre tid til å finna ei betre løysing for første del av gudstenesta.</p> <p>Også her vart det eit knapt fleirtal for å gå bort frå prøveordninga ved nyttår.</p> <p>Det er viktig at det vert brukt tid på å sjå på korleis den 1.delen av gudstenesta kan være ei god felles oppleving for born og vaksne rundt nattverd og dåp.</p>

## Visjonsbildet –

<b>5 års bildet</b>	<p>Vi bygger med den Hellige ånds hjelp et Jesus-sentrert fellesskap. Et inkluderende fellesskap som er så sterkt og raust at mennesker ikke ønsker å være fraværende eller slutte verken når livet er vanskelig eller godt. Et fellesskap der man kan være sårbar, gi av seg selv og be sammen. Kraften i dette fellesskapet er at Gud er til stede midt i blant oss, og vi får stå sammen i kraften fra korset. Fellesskapet er preget av at vi har omsorg for hverandre og handler ut fra det, og der nye mennesker med ulik bakgrunn, livssituasjon og livserfaringer raskt kan kjenne seg inkludert. Fellesskapet vårt er og preget av entusiasme, og vi løfter hverandre og "tar hverandre på fersken" i å gjøre gode ting. Grunnverdien i fellesskapet er at vi har tillit til Gud og hverandre. Jesus er grunnsteinen vår og vi bygger på bibelen som er Guds ord.</p> <p>Vi har store forventninger til hva Han vil gjøre i og gjennom oss, og hvilke ringvirkninger dette vil gi til bygda vår.</p>			
<b>3 års mål</b>	<b>Åndelig drivkraft</b> - Bygge åndelig drivkraft som basis for menigheten	<b>Se og bli sett</b> - Gi omsorg gjennom ros og gode tilbakemeldinger	<b>Inkluderende og varme fellesskap</b> - Bygge fellesskap som inkludere nye på en god og varm måte	<b>Lederskap</b> - Satse på lederutvikling og utrustning
<b>1 års mål</b>	<p style="text-align: center;"><b>Smågruppene</b> Bygge en misjonar smågruppekultur med lederskap som leder</p>			
<b>90 dager (sep-nov 2017)</b>	<b>Bønn for mennesker utenfor gruppene ( BRO)</b>  <b>Mål for neste 90 dager</b>  Hva: Sette fokus på BRO (Bønn – Relasjon – Ord)  Hvordan: Oppstartssamling, Cellegruppeopplegg, Bruke det i stab og sokneråd  Hvem: Mentorer, Morgan, Ingunn/Jon	<b>Invitasjon til grupper –finne en tjenelig form</b>  <b>Mål de neste 90 dagene</b>  Hva: Hver gruppe har laget en liste over personer de ønsker å spørre og invitert disse.  Hvordan: Snakket om på oppstartssamling og ledersamlinger, samt tema på hvert	<b>Leder blir noe en har lyst å være- bygge videre en positive lederkultur</b>  <b>Mål for neste 90 dager</b>  Hva: Positiv holdning til ledelse  Hvordan: Skape gode lederfellesskap gjennom erfaringsdelinger av positive og krevende gruppeledererfaringer. Ha det som tema på gudstjeneste. Sette fokus på GLS for lederne.	<b>Bønn for lederne i gruppene</b>  <b>Mål de neste 90 dagene</b>  Hva: Forbønn for gruppeleder  Hvordan: Ledersamlinger, Forbønnsgruppen, Cellegruppeopplegget  Hvem: Mentorer, forbedere og Morgan



		<p>cellegruppeopplegg de neste 90 dagene</p> <p>Hvem: Stab/sokneråd i sine grupper. Mentorer på ledersamling, Morgan på cellegruppeopplegg</p>	<p>Stab/sokneråd fremsnakker betydning av lederskap i deres grupper</p> <p>Hvem: Mentorer, Morgan, Ingunn, Stab/sokneråd</p>	
--	--	--	--	--